



Romfolk på utstilling

RADØY: Sist onsdag opna Vestnorsk utvandrings-senter utstillinga «Folket som vandrer. De ingen vil ha» i rådhuset i emigrantlandsbyen på Sletta. Kunstnaren Finn Magnus frå Oslo har laga utstillinga. Magnus var sjølv til stades under opninga og fortalde om møtet med romfolk i Oslo og om korleis han har arbeidd med dette prosjektet, heiter det i ei melding om utstillinga. Torgeir Skorgen (Universitetet i Bergen) heldt eit foredrag om den historiske bakgrunnen til romfolket, medan SV-politikar Oddny Miljeteig (SV) heldt ein politisk appell før ho opna

utstillinga. Utvandrings-senteret på Sletta går vidare enn berre kring utvandringa til Amerika.

– Noreg er ikkje lenger berre eit land som sender emigrantar ut i verda. Noreg har vorte eit innvandringsland, og det har det vore lenge, seier Åshild Sunde Feyling Thorsen, prosjektmedarbeidar ved Vestnorsk Utvandrings-senter. Utstillinga er open i museet sine opningstider fram til utgangen av august. På biletet (frå venstre) Radøy-ordførar Jon Askeland, Oddny Miljeteig, Torgeir Skorgen og Finn Magnus. (Foto: Privat)

Treng fleire nattevandrarrarar på Frekhaug



PÅ KURS: Rundt 20 personar møtte fram på nattevandrarkurs på Frekhaug. – Det er nokon som har meldt seg som ikkje var på kurset. Per no har me 36 nattevandrarrarar på liste, men me skulle gjerne hatt mange fleire, seier Nina Randal i frivilligsentralen.

MELAND: 36 personar har meldt seg som nattevandrarrarar på Frekhaug, men frivilligsentralen skulle gjerne hatt mange fleire.



Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

Bråk og fyll i badevika på Frekhaug er eit problem. Onsdag inviterte frivilligsentralen og Røde Kors til kurs på Frekhaug for personar som kan tenkja seg å gå nattevandring i området.

20 på kurs

Kurset samla rundt 20 personar. – Det er ikkje så verst med

tanke på at kurset kom i stand i all hast, men me håpa at det skulle koma litt fleire i dag, sa leiari i frivilligsentralen Nina Randal.

Dei framkomte fekk ei innføring i kva det vil seia å gå nattevandring. Dei fekk også høyra kva erfaringar Kjersti Monsen og Roald Engeseth har gjort etter at dei starta opp ei gruppe med nattevandrarrarar på Rosslund.

– Me starta opp med nattevandring på Rosslund fordi det var ein del drikking, bråk og hærverk i ungdomsmiljøet. Alt første gongen me gjekk, merka me at det var langt rolegare i bygda enn tidlegare. Det er tydeleg at mange av ungdommane hadde fått med seg at me starta med nattevandring, og at det la ei dempar på situasjonen, kunne dei fortelja.

– **Skal ikkje jaga ungdomane** Monsen og Engeseth fortalde at

Rosslund no er ein fredeleg stad, også om natta. Men at nattevandrarrarane vil halda fram med å gå for å unngå at problema blomstrar opp att.

– Me er godt nøgde med måten ting har løyst seg på Rosslund, men me ser at ungdommane kanskje har misforstått litt. Det er nok ein del som trur at nattevandrarrarane er der for å ta dei. Det er litt dumt, for det er ikkje tilfelle. Dei ungdommane som ikkje drikk eller lagar bråk kan gjera ting og ferdast rundt akkurat som før, me er ikkje der for å jaga vekk folk, sa Engeseth.

Det vart også eit poeng som vart trekt fram av nokre av kursdeltakarane på Frekhaug.

– Det er viktig å få fram at me ikkje går nattevandring for å jaga born og unge vekk frå badevika. Folk må gjerne vera der om kveldane, spela sandvolleyball,

grilla og kosa seg. Me går berre der for å førebyggja at staden vert ein samlingsplass for festing og bråk, vart det sagt.

– Gjer ein innsats

For å få bukt med problemet i badevika på Frekhaug vart det starta opp med nattevandring alt før det vart halde nattevandringskurs. Dei første nattevandrarrarane begynte sist helg. Dei som var på nattevandringskurset fekk høyra at dei første utsendingane hadde hatt ei roleg helg.

– Berre det at avisene skriv om at det vert starta opp med nattevandring har nok ein effekt, sa leiari i frivilligsentralen til dei framkomte.

Til Strilen seier Randal at det har meldt seg 36 personar som har skrive seg på liste og fått tildelt eit tidspunkt for når dei skal gå nattevandring.

– Per no har me nok folk til å dekkja inn helgene i juni månad, men me burde hatt ein del fleire. Målet er å mobilisera så mange at me kan ha nattevandring i området også elles i året, seier Randal. Ho presiserer at folk ikkje treng å ha gått på kurs for å gå nattevandring.

– Me vil prøva å setja opp nye nattevandrarrarar saman med nokon som har gått på kurs, og så arrangerer me nye to-timarskurs etter kvart som det kjem nye til, seier Randal.

Kommunen har sendt ut brev til foreldre til elevar i ungdomsskulen og oppfordra dei om å stilla, men dei oppfordrar også alle andre vaksne i kommunen om å melda seg. Interesserte kan ta kontakt med frivilligsentralen i Meland på telefon. Dei vil også leggja ut informasjon om nattevandring på sine nettsider.